

REGULERINGSVEDTEKTER

REGULERINGSPLAN FOR DELER AV VIKSE VESTRE, GNR. 69 I SVEIO KOMMUNE.

GENEREKT:

- § 1** Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet. For alle tiltak så som bygging av naust/rorbu, anlegg av veg og kai/flyebrygger skal det søkjast løyve og godkjenning av kommunen.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDER
FELLESOMRÅDER
SPESIALOMRÅDER

2. BYGGJEOMRÅDER:

- § 2** I byggjeområdet kan det berre førast opp rorbu og naust.

- § 3** Innanfor området avmerka R på plankartet kan det byggjast rorbuer. Bygningane skal ha saltaksform større enn 35 grader. Maksimal grunnflate er 60 m². Hytte-nausta skal oppførast i tradisjonell stil og med maksimal mønehøgde på 9,0 m. Framføre bygningane kan det lagast kai, og det kan leggjast ut flytebryggje. Etablerings av flytebryggjer skal skje i medhald av ein utbyggingsplan etter §28-2 i plan og bygningslova. Flytebryggjer bør samordnast felles for fleire bygningar. Anlegg i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen og av kommunen.

- § 4** I området merka naust/ båtopplagsplass kan det byggjast naust med tilhøyrande anlegg. Bygningane kan førast opp inntil 1,5 etasje og skal ha saltaksform. Framføre bygningane kan det lagast kai, og det kan leggjast ut flytebryggje. Flytebryggjer bør samordnast felles for fleire bygningar. Etablerings av flytebryggjer skal skje i medhald av ein utbyggingsplan etter §28-2 i plan og bygningslova. Anlegg i sjø skal godkjennast av Karmsund Havnevesen og av kommunen.

3. FELLESOMRÅDER:

- § 5** Områda skal liggja ubebygde. Det kan likevel leggjast leidningsnett for vatn og avlaup og turvande kummar. Fellesområda skal nyttast av eigedomane som ligg innafor det regulerte området.

- § 6** Terrenget innanfor siktelinjene skal til ei kvar tid vera ryddig for hindringar høgare enn 0,5 m over kjørebanen. I samband med framføring av vegar må det gjerast minst mogeleg inngrep i terrenget. evt. fyllingar må få ei god landskapsleie.

4. SPESIALOMRÅDER:

Privat småbåtanlegg i sjø som kan nyttast av eideomar som ligg innafor det regulerte området.

5. SAMS FØRESEGNER

- § 7** Det skal utarbeidast felles reglar for vedlikehald av veg, parkering, utlegging av flytebryggjer, fortøyinger etc.
- § 8** Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd er.
- § 9** Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det vert brukt kvalitetsmessige gode materialar.

5550 Sveio, 24. oktober, 1999

Revidert januar 2000.

Endring aug. 2010 etter vedtak i HTN, COWI AS